

# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 3

August 2023

Årgang 89 år



Hartvig Haugen  
forlét kontoret  
S.3



... og Gry Jeanette Mjelde  
tar plass på kontoret  
S. 5



Noahs ark  
S. 6



Kyrkjevalet 2023  
S.10

# FUSA sokn

## Fusa kyrkjecontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen  
Tlf. 56 58 01 81  
E-post: post.fusa@kyrkja.no

### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

### Dagleg leiar/ass. kyrkjeverje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

### Kyrkjeverje

Kristine Fjeld 41 42 68 59

### Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

Gry Jeanette Mjelde 93 49 62 26

### Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjøn 97 71 17 23

### Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

### Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

### Kyrkjetenarar

#### FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

#### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

#### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

#### SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

#### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

**Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436**

#### FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

#### Ansvarleg utgjevar:

Fusa sokneråd

#### Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

VIPPS #90436 legg til kategori:

Fusa kyrkjeblad

**Bladpengar er kr. 250,- pr. år**

**Utanbygds kr. 350,- pr. år**

#### Framsida:

Skulebesøk i Holdhus kyrkje juni 2023.

Foto: Toril Hjartåker Hauge

#### REDAKSJONEN:

Hans Einar Markhus

[hm629@kyrkja.no](mailto:hm629@kyrkja.no)

Toril Hjartåker Hauge

[th298@kyrkja.no](mailto:th298@kyrkja.no)

## Eg trur på...

Kvar gong vi har gudsteneste, reiser vi oss og seier høgt saman kva vi eigentleg trur på. Dei fleste av oss kyrkjegjengarar kan denne truedkjenninga utanåt og det går av seg sjølv når vi talar ut desse orda. Og det er ikkje tid heller i ei gudsteneste til å tenke så mykje over kor innhaldsrik denne truedkjenninga er. Den rommar alt vi treng å forholde oss til som kristne. Den rommar heile historia frå skaping til fullending. Den rommar alt det Gud har gjort og gjer i verda.

Og midt i denne truedkjenninga finn vi oss sjølve. For det er eg som trur dette! Eg trur det saman med andre som trur det same.

Eg trur at verda er skapt av ein allmektig Gud. Den første setninga i biblen set standard for trua. Om vi trur den setninga, så fell alt det andre på plass. Finst det ein Gud som har skapt alt det synlege og usynlege, eit skaparverk der alt heng saman med alt i eit ordna kosmos, ja, då er ingenting umogleg for denne guden. «Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar, månen og stjernene som du har sett der, kva er då eit menneske – at du hugsar på det, eit menneskebarn – at du tek deg av det?»

Eg trur på Jesus, Guds einborne son, som viser oss kor verdifull og umisstelig vi menneske er. Fødd av ei jomfru, pint og plaga til døden, kjempa i dødsriket og vann over døden, stod opp igjen og for opp til himmelen. Nettopp no sit han ved høgre handa til Faderen, men skal kome attende til vår jord for å både dømme og gjere alle ting nye. Med andre ord, Jesus er den viktigaste personen i denne verda. Ingen kan vere likegyldig til han. For det er for han alle kne skal bøyast og sanna at han er Herre.

Eg trur på Den heilage Ande som lar meg få del i dette gjennom det kristne fellesskapet. Som viser oss kven Jesus er, og gir oss tilgjeving for alle våre synder slik at vi ein gong kan stå opp fra døden til det evige livet. Truedkjenninga set liva våre i perspektiv. Den fortel oss kor vi høyrer til. Til hausten vil vi ha ein underevisningsserie i kyrkjelyden der vi fordjupar oss i katekisma og då spesielt truedkjenninga. Fader, Son og Heilag Ande inn i ei tid som denne. Det er noko som står fast gjennom alle tider. Når ting omkring oss er i forandring og menneske lurer på kven dei er, så har vi vår identitet i vårt forhold til den levande Gud. La oss saman vedkjennast vår heilage tru!

Einar Ekerhovd

Sokneprest

*«Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar, månen og stjernene  
som du har sett der, kva er då eit menneske – at du hugsar på det, eit  
menneskebarn – at du tek deg av det?»*

*Salme 8,4*



Sokneprest  
Einar Ekerhovd



# Den siste medarbeidarkoordinator - Hartvig Haugen trer av.

Tekst: Toril Hjartåker Hauge



Hartvig på Fusa kyrkjekontor i juni i år, då han enno var soknets medarbeidarkoordinator. Foto: Toril Hjartåker Hauge

Når Hartvig pakkar saman på kyrkjekontoret i august i år, er det ingen som tar over tittelen hans. Truleg vil han gå inn i Fusa sokn si historie som vår siste medarbeidarkoordinator. Men arbeidsoppgåvene forsvinn ikkje fordi om ein fjernar ein tittel, og i dette tilfellet er det Ingebjørg Sundfjord Gjøn som får dei i fanget. Ho er involvert i fleire av dei allereie, fortel Hartvig og verkar ikkje sporet engsteleg for at koordineringa skal gå i stå utan han ved roret. Og kva er det eigentleg han har koordinert dei siste 16 åra?

## Arkiv, folk og offer

- I den første tida var arkivet ein del av stillingsinstruksen, fortel han. - Eg hadde ansvar for postjournalen. Etter kvart som det meste av kommunikasjonen går elektro-nisk, har denne delen av arbeidet skrumpa inn.

Noko som ikkje har forsvunne med digitaliseringa, er folk. Dei må enno koordinerast, og det er Hartvig som har vore bindeleddet mellom soknets frivillige medarbeidarar og staben på kontoret.

- Alle i soknet har ei oppgåve å gjera for at gudstenes-telivet skal bestå. Folk har fått ulike nådegåver; me treng dei alle for at kyrkjelyden skal leva. Og for at lekfolk skal kjenna seg trygge i oppgåvene sine, er det nødvendig å gje dei greie retningslinjer og oversiktar over kven som gjer kva i løpet av eit kyrkjeårs.

- I seinare tid har det vore vanskeleg å rekruttera frivillige til å ta på seg langsiktige, faste oppgåver, som til dømes klokkaartenesta, den oppgåva som går ut på å lesa bibeltekstar og kunngjeringar i gudstenestene. Men det er også i nyare tid me har fått i stand lekmannsgudstener her i soknet, så gløden og kompetansen blant frivillige finst enno, slik at me kan ha stor aktivitet og mange fleire gudstenester enn om alle skulle leiast av geistlege.

Frivillige finn me også i soknet sine kyrkjeutval, eitt for kvar kyrkje. Det er ofte kyrkjeutvala som medverkar til å få i stand spesiell song og musikk i kyrkjene, t.d. Open kyrkje i Strandvik, og det er dei som er med på å bestemma kva offerra i deira kyrkje skal gå til. Den endelege avgjersla om fordeling skjer i soknerådet. Koordinatoren si oppgåve i offer-arbeidet er å få oversikt over kva som er kome inn, og melda vidare til soknets rekneskapskontor om kor mykje som skal overførast til den enkelte mottakar.



Folk har fått ulike nådegåver; me treng dei alle for at kyrkjelyden skal leva

## Agroteknikaren

Når me høyrer at Hartvig si stilling i soknet har vore mellom 20 og 50%, og at han har hatt ho i berre 16 år, skjønar me at det ikkje er den som åleine har heldt liv i han og familien. Han må ha hatt minst ei anna karriere på si.

- Ja, min første jobb var som landbruksviker i Fusa kommune, eit passande arbeid sidan eg kom ifrå agroteknikklinja på jordbrukskulen på Voss. Teknikk i denne samanhengen går meir ut på driftsteknikk i skogbruket, enn på maskinteknikk, forklarer Hartvig for oss som ikkje er inne i faget.

Fire år seinare, nærmare bestemt i 1978, begynte han å arbeida på Fylkeskartkontoret i Hordaland, det som etter kvart vart heitande Statens kartverk. – Det starta med eit seks månads langt vikariat, og enda med eit 29 år langt arbeidsforhold. Han hadde husvære i Bergen, men overtok også slektsgarden Haugen i Sævareid og melde aldri flytting derifrå. – Bergensarane ville ha meg til det, så alle skattekronene kunne hamna der, men på grunn av eigedomen i Fusa, hadde eg god grunn til å la vera. Faktisk har eg hatt éi og same fastadresse heile livet.

Etter kvart vart det tungvint å pendla. Han hadde fått kone og to søner, og ville bu nærmere arbeidet sitt. – Så eg sa opp jobben i kartverket, flytta heim og ville prøva noko nytt.

## Også oppsynsmenn må det haldast oppsyn med

Dermed gjekk Hartvig ut av kartverket, men han braut ikkje all kontakt med statleg forvaltning. Som tilsett hos Fylkesmannen hadde han tilsyn med mange naturreservat. I 2002 ynskte Miljødirektoratet å ta over dette arbeidet, og Hartvig følgde med, men med hovudfokus på lakseoppsyn.

- Det var ørnforskaren Gunnar Bergo som i si tid fekk meg inn hjå Fylkesmannen. Han var ein god luring og ein av dei flinkaste ørnforskarane i landet. Også han jobba hos Fylkesmannen, så me hadde ein del med kvarandre å gjera. Dette var på den tida vernet av Steglholmen og Vinnesleiro stod i fokus, og sidan eg kom ifrå desse traktene, grep han fatt i meg og sa: - Du må ta oppsyn med desse to områda. - Nei, det kan du vera sikker på at eg ikkje skal, sa eg, og var ikkje det spor interessert i å inspirera der. – Ja, då seier me det: Då er du oppsynsmann! var Bergo sin konklusjon på den samtalens.

Bergo var ein ihuga naturforvaltar, og det var ikkje berre dyr, fugl og fisk som trorg tilsyn, meinte han; også dei tilsynsmen-



nene han sjølv hadde rekruttert, måtte haldast auge med.

- Ein gong gav han meg bot, fortel Hartvig og ler. – Det var oppে ved Bossvatnet; eg hadde reist opp dit på oppfordring av nett Gunnar Bergo, og hadde parkert i vegkanten. Då eg kom ned att til bilen, låg det ein lapp på bilen med melding frå lensmannen i Fusa om at her kunne eg ikkje stå. Eg stussa over at lensmannen tok turen så langt til fjells for å ileygja folk parkeringsbøter, og tenkte at eg kanskje hadde hissa på meg ein grunneigar som ikkje ville stå fram med eige namn. Seinare på kvelden snakka eg med Bergo, og mysteriet vart løyst: Han hadde tatt turen opp for å sjå om eg hadde tatt Bossvatn-oppdraget på alvor, og då han verkeleg fann meg på jobb, og ikkje kunne utsetja noko på det, fekk han lyst til å pirka på parkeringa mi i staden – pluss ha det litt moro.

Som oppsynsmann skal Hartvig mellom anna sjå til at fiske føregår med lovlege verktøy og på lovlege stader, samt at freda dyr og fugl ikkje vert uroa. Han kan også bli tilkalla for å undersøkja drepne eller skada buskap der rovdyr kan stå bak.

“

Gjennom arbeidet mitt hos fylkesmannen har eg fått innsyn i mykle. Det har gjeve meg respekt for samspelet i naturen.

- I tillegg til den statlege stillinga er eg hyrt inn av Hålandsdalen grunneigarlag for å halda tilsyn med Skogseidvatnet og vatna omkring. I den stillinga opererer eg som sjølvstendig næringsdrivande med enkeltmannsføretak.

I det heile held Hartvig seg mest til sjøs, til vanns og i låglandet. Området hans strekkjer seg frå Bergen i nord til Rogaland i sør, og austover til om lag midt i Hardangerfjorden. Flest saker har han «ute på øyane», det vil seia Austevoll, Fitjar og Bømlo. Dette området reiser han rundt i og inspirerer jamleg, for «å leita etter nåla i høystakken», som han seier. I tillegg kan han bli utkalla på særskilte aksjonar saman med politi eller andre aktørar.

- Miljøvern er viktig. Gjennom arbeidet mitt hos fylkesmannen har eg fått innsyn i mykle. Det har gjeve meg respekt for samspelet i naturen. Me lever midt i store samanhengar som ein kanskje ikkje tenker så mykle på, men som me alle høyrer til i og er avhengig av. Interessa for og gleda over naturen aukar med kunnskapen; difor er informasjon og vegleiing ein sentral del av oppsynet, ikkje berre kontroll og irettesetjing.

For å hindra at folk uroar freda vilt eller stel egg, har oppsynsmenn streng teieplikt. Dei må ikkje røpa det dei veit om til dømes fuglane sine vanar og tilhaldsstadar. Somme av naturvernara strekkjer denne teieplikta vel langt, til dømes den før nemnde Gunnar Bergo, kanskje den beste vennen ørna har her i Noreg.

- Han sende meg ein gong ut på oppdrag for å undersøka eit reir. Ja, kvar er dette reiret, då, ville eg vita. Nei, det måtte eg finna ut av sjølv. Det kunne han ikkje seia høgt; kunnskapen kunne koma på avvegar og bli misbrukt.

Hartvig ler, men han er med på alvoret som ligg bak ein

slik skepsis.

- Sidan ørna ligg høgst oppe i næringskjeda, gjev ho oss store mengder kunnskap om miljøet ho lever i, til dømes luftkvaliteten. Både kongeørn og havørn vart freda i 1968. Sidan den tid har bestanden tatt seg opp, og begge artane blir no rekna for å vera livskraftige.

Særleg havørna lever tolleg bra her i våre strøk og har tilpassa seg menneskets nye næringsvegar på ein formidabel måte.

- Eg plar bruka formelen «eitt oppdrettsanlegg = eit havørnpar». Fuglane dukkar ikkje ned i sjøle merdane etter oppala fisk, men anlegga trekker til seg mykle som dei nyt godt av: frie fiskar, ender og anna fugl. Kvart ørnepar vaktar sitt felt nøye. Viss ramn eller andre framande kjem innom, vert dei jaga vekk. Heller ikkje parets eigne ungar får noko arv frå foreldra; dei må versågod vekk og finna sitt eige område.

Hartvig og dei andre oppsynsmennene har altså éin ting sams og to ting usams med havørna: Dei held auge med kvart sitt domene, men dei dannar ikkje parforhold med ein annan som er ute i same ærend, i alle fall ikkje eit livslangt eit, og dersom ein kollega kjem inn på territoriet deira, jagar dei han ikkje vekk, i alle fall ikkje med makt.

### Mangesysler

Tilsynsarbeidet heldt Hartvig altså fast på også etter at han slutta i Statens kartverk og flytta fullt og heilt heim til Haugen i 2007. Også utdanninga som agroteknikar er enno i bruk, men skogbruket er mest ein hobby no. Bonde kan han knapt kalla seg lenger, innser han.

- Ei lita jente eg møtte ein dag på butikken i Sævareid, spurde meg kvar eg budde. Jau, eg bur i det kvite huset som ligg på garden rett ved her, sa eg. - Kvar dyr har du? ville ho vita. – Nei, eg har ingen dyr. - Ja, då har du ikkje gard heller, kom det kjapt frå jenta.

Oppsyn og skog sysselsette ikkje Hartvig heile vekene, så då Fusa sokn lyste ut stillinga som medarbeidarkoordinator, sökte han og fekk endå eit bein å stå på.

“

Eg held på med altfor mykle tull og tøys. Men eg likar det.



Hartvig i teneste i Fusa kyrkje i 2008. Foto: Fusa sokn, arkiv.



Ja, kva har han likt best i kyrkje-stillinga si, vil eg vita, og kva har han likt minst?

- Samarbeidet med dei frivillige har vore kjekkast. Det kjem eg til å sakna. Men eg er jo allereie inni dette arbeidet som frivillig sjølv, som klokkar i Sævareid kapell og som leiar av Sævareid kyrkjeutval, så nokon avskil frå desse folka vert det ikkje.

Dessutan stiller Hartvig opp i kyrkjevalet i haust, som kandidat til soknerådet. Det rådet har han erfaring frå; han sat der ein fireårsperiode i tida før han vart del av staben på kyrkjekontoret. Koordinatorjobben er altså berre éin av mange hattar som han no tar av seg; han har enno mange roller igjen.

- Det som har vore minst moro den tida eg har arbeidd i kyrkja, er tapet av ressursar. Det er skore ned på økonomiske løvingar og på stillingar. Kapellanen er vekke. Det synest eg ikkje noko om.

### Kyrkjeslekt Haugen

Hartvig har altså tent kyrkja både på og utanfor lønnslistene, og han har gode grunnar til å engasjera seg der; på farssida hans har det vore kyrkjeeigarar i fleire generasjoner. Hartvig er nemleg ein av generalmajor Christian Segelcke sine mange etterkomrarar.

Som følgje av den store nordiske krig 1700-21 slo dansken Segelcke seg ned på Engevik gard og kjøpte alle kyrkjene i Os prestegjeld. Sjølv sokna han til Strandvik kyrkje, og det var den kyrkja han heldt lengst på. Til sist selde han også den til lokale bønder, men tre generasjoner etter kom oldebarnet hans Elen Marie inn att i kyrkjeeigar-familien då ho gifta seg med Paul Paulson Haugen. Dei to vart omsider tipp-oldeforeldra til Hartvig, men då var kyrkja for lengst ute av familiegodset. 1870 vart ho sold til Strandvik soknekommune; tida for privateide kyrkjer var forbi.



Våningshuset på Haugen i Sævareid sentrum.

Foto: Toril Hjartåker Hauge

Våningshuset på Haugen er truleg bygd eit par tiår før, og har vore gjennom ein del endringar fram til i dag. Då Hartvig overtok, hadde det store steinheller på taket.

- Dei var i grunnen altfor tunge for bygget, og eg ville byta det ut med eit tak som var meir i tråd med opp-

havet, slik det hadde vore då det vart reist. Det er funne restar av raud teglstein rundt huset, så den type tak har i det alle fall vore her ein gong, og valet fall på det materialet. Sidan huset har status som verneverdig, fekk han støtte frå Hordaland fylkeskommune til å gå over til eit slikt historisk korrekt skifte, på eitt vilkår: Han kunne ikkje nekta folk å ta bilde av det. Det er jo no eit offentleg støtta tak, dels kosta av skattebetalarane sine pengar, som det heiter. Folk har lov til å gå ganske nær og fotografera, eit løyve Kyrkjebladet har gjort seg nytte av i denne artikkelen.

- Men dei har ikkje krav på å koma inn, humrar Hartvig. Ein hyggeleg prat trur me likevel du kan venta deg dersom du vil iaktta det historiske huset. Elles møter du Hartvig i teneste nesten kvar gong det er preike i Sævareid kapell, og dessutan titt og ofte i båt når han er ute og inspiserer. Hyggeleg er han då og; i alle fall om du er grei med havørna og har fiskekortet i orden.

### Velkommen til Gry!



Gry Jeanette Mjelde er tilsett som kyrkjelydsarbeidar i Fusa sokn.

Gry er 40 år, gift og bur på Os. Viss du har handla frukt og grønt på Extra-butikken på Flåten Amfi dei siste åra, har du kanskje sett hennar blide åsyn.

Det blir flott å få Gry med på laget her i Fusa, og me ber om at ho må trivast her, og at fusingane må ta vel imot ho.

Ho startar i arbeidet ca. 1. september.



## Bjarte Karlsen om Noah og seg sjølv



Bjarte Karlsen i Eikelandsosen bedehus 24. mai i år.  
Foto: Hans Einar Markhus.

To gonger det siste året har me i Fusa sokn hatt besøk av Bjarte Karlsen, ein kristen gründer i bio-informatikk frå Bergen. Onsdag 24. mai underviste han i Eikelandsosen bedehus om Noah og storflaumen ut frå bibelteksten og dagens vitskap innan mellom anna biologi. Dei frammøtte fekk med seg ei særstak interessenstundervisning, så pass at det vart etterspurd som stoff til kyrkjebladet.

Bjarte fortalte òg om si eiga trusreise og arbeidet

hans i vitskapsmiljøet i California og Bergen. «Er vitskapen verkeleg i konflikt med Bibelen?» spurde han seg ofte. Han gjekk sjølv langt i å forkasta både Bibelen og Gud, heilt til «Gud sjølv, ved sin nåde, greip inn og synte meg at viss eg sette Guds ord over vitskapen så er det ikkje lenger konflikt», seier Bjarte. I sitt arbeid med både vitskap og bibelspørsmål har han sidan lagt dette til grunn – og blitt stadig overraska over korleis meir og meir stemmer. Eller som han seier sjølv: «Eg blir ikkje lenger overraska over at det vitskapen finn ut, oftare og oftare stemmer med det som har stått i Bibelen heile tida».

Bjarte er medstiftar av den økumeniske organisasjonen «Skaper» som ynskjer å «utbre evangeliet, utruste de troende og forsvare hele Bibelens autoritet». Nokre vil kjenne igjen teologien bak det Bjarte står for, og det organisasjonen Skaper formidlar som «ung-jord-teologi». Denne er, som mange andre teologiske spørsmål, omdiskutert. Men å dykke ned i Bibelen og å skape interesse for lesing av Guds ord er ikke omdiskutert – det kan rett og slett skape rom for tru hos menneske!

Hans Einar Markhus

## Noahs flom av Andreas Årikstad

Historien om Noah og Flommen vitner om dom, død og frelse i Jesus. Arken symboliserer kors-treet og Noahs familie blir frelst ved å være dekket av korset og sammen med han som var familiens overhode – for den frelste menighet, Jesus Kristus. Mye i historien om Noah peker på troens store spørsmål og sannheter, men historien er også sann i seg selv. Det skjedde virkelig at jorden ble dekket med vann.

Artikkelen er del av serie med tema «VANN». Først utgitt i magasinet SKAPER mai 2022. Kjelde: <https://skaper.no/tema-vann-noahs-flom/>



Noen bibelvers viser på en spesiell måte hvordan Bibelen taler om en global flom og ikke en lokal flom. Noahs flom dekket ifølgje Første Mosebok «alle høye fjell under himmelen» (7,19) og «Femten alen over fjellene steg det, så de ble helt borte.» (7,20). «Alt som er på jorden skal omkomme» (6,17) og «Bare Noah ble tilbake, og de som var med ham i arken.» (7,23). Noah skulle ta med seg dyr om bord «for å holde deres slekter i live på hele jorden» (7,3). Verden før flommen blir omtalt som «den gamle verden» (2 Pet 2,2) og «den daværende verden» (2 Pet 3,6) som gikk under.

Alt dette og mye mer viser at flommen ifølgje Bibelen var global. Og hvor ble vannet av etterpå? Det er mange gode spørsmål om flommen – og også mange gode svar. Vannet ble skapt fra begynnelsen. Da Gud skapte jorden var den først oversvømt av vann, før det tørre land kom til synne (I Mos 1,9). Da flommen kom, sendte Gud vann opp fra dypet som sammen med regnet, la jorden under vann. Vannet fra dypet refererer til havet, men trolig også vannreservoarer som lå under bakken, slik det ifølgje forskere enda finnes i store mengder.



*I det året av Noahs liv da han var seks hundre år gammel, i den andre måneden, på den syttende dagen i måneden, den dagen brast alle kilder i det store dyp, og himmelens sluser ble åpnet. Første Mosebok 7,11*

Selv i dag er 71% av jordens overflate dekket av vann. Dersom vi hadde jevnet ut jordoverflaten slik at jorden hadde blitt helt kulerund ville det vært nok vann på jordens overflate til å dekke jorden med et 2,4 km dypt hav. Det er altså mer enn nok vann på jorden til å dekke den, gitt litt seismisk virksomhet. Akkurat dette regnestykket viser også at seismisk virksomhet både under og etter flommen alene kan ha bidratt til både å sette jorden under vann, men også å la tørt land komme til syne igjen etter hvert som fjellene steg opp av vannet på gitte områder.

Vitenskapelig henger dette veldig godt sammen med at de fleste av verdens høyeste fjell i dag består av sedimentære bergarter. Fjellene er altså, inkludert Himalaya og Mt. Everest, gammel havbunn. Mange av disse er fossilbærende og selv i Himalaya finner vi fossil av sjølevende skapninger. Flommen gir en troverdig forklaring på de geologiske fenomenene vi finner over hele kloden. Fjellene viser oss hvordan jorden en gang var oversvømt med vann og hvordan vannet har trukket seg tilbake, mens fjellene steg og verden ble seende ut omtrent slik den er i dag.

Guds dom over ondskapen var alvorlig ment. Men det er ingen fordømmelse for den som er i Arken, Kristus Jesus. (Rom 8,1)

## Spørsmål og svar om Noahs ark

### 1. Hva er Noahs ark?

Beretningen om Noahs ark finner vi i Bibelen i 1. Mosebok kapittel 6 til 9. Noah får beskjed om å bygge en stor ark (kisteformet båt) for å redde seg, sin familie og representanter fra alle dyreslag fra en stor flom.

### 2. Hvem var med i arken?

Noah og hans kone, deres tre sønner og deres koner, totalt 8 personer. I tillegg var det ett par, han og hun, av hvert dyreslag av de urene dyrne og 7 par av hvert slag av de rene. Unntak var dyr som ikke puster og dyr som lever i vann.

### 3. Hvor stor var arken?

Arken var omtrent 150 meter lang, 25 meter bred og 15 meter høy. Den hadde tre etasjer. Målene er i Bibelen oppgitt i alen som tilsvarer avstanden mellom fingerspiss og albue, ca. 50 cm. Det totale volumet tilsvarer ca. 500 jernbanevogner.

### 4. Når skjedde flommen?

Når vi leser slektstavlene og tidfestingene i Første Mosebok finner vi ut at flommen må ha inntruffet ca. i år 1656 etter skapelsen. Ut fra resten av stamtavlene i Bibelen vet vi at det nå er 4-5000 år siden.

### 5. Dekket flommen hele jorden?

Ja, Bibelen sier at vannet sto 15 alen over fjellene og er tydelig på at alt landlevende liv som puster og som ikke var i arken omkom. Peter kaller den verden som var før flommen for «den gamle verden» og «den daværende verden» (2 Pet 2,5 og 3,6).

### 6. Hvor lenge var Noah i arken?

Total varighet var omtrent ett år (ca. 370 dager). Det regnet i 40 dager. Vannet sto høyt over jorden i 150 dager. Tiden det tok før vannet var sunket så mye at Noah og familien kunne gå ut utgjør mesteparten av den øvrige tiden. Se 1 Mos 7-8.

### 7. Kan fossiler ha blitt til i flommen?

Mye tyder på at store oversvømmelseskatastrofer er en god forklaring på dannelse av sedimentære bergarter med fossiler, olje og gass. Vi vet også i dag at dette ikke trenger å ta lang tid. Vi kan for eksempel lage olje av planterester på ganske kort tid. Bibelen gir dermed en god forklaring på at ca. 75% av jordens overflate nettopp er sedimentære bergarter med olje, gass og masse fossiler.

### 8. Hvordan var klimaet før flommen?

Dette vet vi lite sikkert om men en del funn tyder på at det var nokså annerledes og trolig mye bedre. Det er for eksempel funnet fossiler av tropiske planter i arktiske strøk. Mange av fossilene som finnes er også unormalt store. For eksempel har bevere og pingviner vært på størrelse med nåtidens mennesker. I Bibelens skapelsesberetning står det om vann over hvelvingen. Noen tror derfor at det var en «drivhusvannkappe» rundt jorden i atmosfæren som sørget for et mye bedre klima før flommen.



## **9. Hvordan fikk alle dyr plass i arken?**

Om bord i arken var landlevende dyr som puster, én hann og én hunn av hvert av de urene dyreslag og syv hanner og syv hunner av de rene slagene. Dyrene ble skapt hvert etter sitt slag og ble med i arken hvert etter sitt slag. Å definere ordet «slag» er vanskelig, men litt forenklet tenker vi at de dyrene som kan få avkom sammen er samme slag. I så fall var det 2 hundedyr, 2 kattedyr, etc. med i arken. Totalt snakker vi da ut fra beregninger om maksimalt opp mot 30 000 dyr med gjennomsnittsstørrelse som en sau. Dette ville det vært grei plass til i arken.

## **10. Hva spiste rovdylene om bord?**

Noen dyr går i vinterdale. Kanskje var noen dyr i dvale på arken også, men Noah fikk beskjed om å ta med planter til mat for dyrene. Derfor var det nok mange dyr som spiste også. Trolig spiste også rovdylene planter denne tiden. Slik var det jo også i begynnelsen. Se 1 Mos 1,30.

## **11. Hva skjedde med dyrene etterpå?**

Dylene formerte seg og ble spredt ut over jorden. Naturlig utvalg, isolerte populasjoner og mutasjoner har ført til at slagene har forgrenet seg i mange

ulike arter, men de tilhører fremdeles hver sine slag/dyrefamilier.

## **12. Hvor kom alt vannet fra?**

Vannet kom fra dypets kilder og himmelens sluser. Det vil si at vannet kom både som regn og fra Jordens indre. Jorden inneholder mye vann også i dag.

## **13. Hvor ble vannet av etterpå?**

Faktisk er fortsatt 71% av jorden dekket med vann. Dersom vi hadde jevnet ut Jordens overflate hadde vannet som er på overflaten i dag stått 2,4 km over hele jorden. De fleste høye fjell er sedimentære bergarter som har blitt til under vann og har trolig i stor grad løftet seg opp etter at trykket fra flomvannet avtok.

## **14. Hva lærer historien om Noah oss?**

Fortellingen er historisk korrekt og forteller oss om Guds dom over synd og ondskap, og hans frelse. Hendelsen peker også fremover. Noah er et bilde på Jesus som lager en frelsesark for hele sin familie. Slik Noahs familie ble frelst i arken blir vi frelst ved å være i Jesus – det vil si ved å tro på at hans død på korset for syndene våre frigjør oss fra dommen som kommer.



## **Bli med til Israel – Med Bibelen som guide!**

Jesusalem, Betlehem, Nasaret, Jeriko, Jordanelva, Genesaretsjøen – Bli med på tur og opplev stader, bibelhistoriar og menneske i fortid og notid. Turleiarar er Einar Ekerhovd og Hans Einar Markhus.

Framleis ledige plassar på turen til Israel  
18. - 27. oktober.

Informasjon og påmelding:  
[www.kyrkja.no/fusa](http://www.kyrkja.no/fusa), kontakt kyrkjekontoret eller skann QR-koden.



Me minner om foto-konkurransen til Fusa-kalenderen 2024.

Temaet er «Morgenstemning».

Motivet må passa til temaet, det må vera teke i Fusa-bygdene (Fusa sokn), og biletretninga bør vera liggjande.



Send bidrag til post.  
[fusa@kyrkja.no](mailto:fusa@kyrkja.no) innan 20. september. Vinnaren får biletet sitt på kalenderen samt 3000,- kr. i premie.



# Kven er vår Gud?

av Kim Bjarne Rosenkrone



God the Father, maleri av Cima da Conegliano (c. 1460 - c. 1517)

Det er visst ingen som har sett Gud, Moses skal riktig nok ha sett han da han åpenbarte seg for han i et tre. Eller rettere sagt i en brennende tornebusk. På den måten var det Moses ble lederen av det israelske folk.

Men hvem er denne Guden vi tror på, som noen dyrker, mens andre bare har i sitt hjerte? Vet Gud om all elendighet her på jorden? NAV er ikke Guds verk, det er jeg helt sikker på. Skatter på jorden skal man helst ikke samle, står det i Bibelen et sted. Men mange, ja altfor mange har en lei tendens å gjøre akkurat det. Vet Gud om krigen mellom Russland og Ukraina? Jeg vet ikke, har heller ikke anledning å spørre han om det.

Den svenske sangeren Evert Taube skrev et sted at det er «Krig og Politikk som har fordervet vår jord». Jeg har aldri ønsket å bli prest, selv om det var en baptist-prest som en gang anbefalte meg å bli det. Jeg takket pent nei.

Jeg elsker Gud. Men du verden hvor mange ganger jeg hater han. Jeg tror på Gud, men du verden hvor mange ganger jeg sier til meg selv: Hvorfor er du så dum? Svaret er enkelt. Det er min barnetro. Mange ganger har jeg stått ytterst på stupet og bare sett ned i avgrunnen, men så har det alltid skjedd noe som gjør at jeg tar ikke mitt eget liv. Hvem er det som holder sin hånd over meg? Det er bare en som kan det, og det er Gud.

Tilbake på 70-tallet da jeg var ganske ung, så drev vi og mobbet barna til en som gikk mye i bedehuset på Vinnes. Hvorfor vi gjorde det? Jeg vet rett og slett ikke. De er uansett en kjempefin familie, de var det den gangen, de er det i dag. Jeg ble sjømann, og mange mente at sjøfolk, de var noen som ikke trodde på Gud. Jeg vet ikke om en eneste yrkesgruppe i Norge eller verden som tror mer på Gud enn sjøfolkene. Det eneste som lå på våre lugarer når vi kom om bord i en ny båt, var Det Nye Testamentet. For mange gamle predikanter så var sjøfolkene som hendinger å regne. Vi gikk på horehus, vi drakk øl og så videre. Men disse damene mange kalte for horer, de var langt ærligere en mange av dem som kalte dem horer.

Om noen hadde sagt til meg på 60- eller 70-tallet at jeg en dag skulle stå i Strandvik kirke og holde søndags preken, ja, da hadde jeg trodd at vedkommende var gal. Men den 3. mars i år, så skjedde akkurat det. Jeg leste der som den aller første i historien «Terje Vigen» foran ca. 100 mennesker i salen. For meg var det en drøm som ble oppfylt, jeg var ganske stolt over dette. Men verken Fusa kyrkjeblad eller Os og Fusa-posten har nevnt det med et ord. Det synes jeg er merkelig. Hvorfor? Jeg vet ikke. Men jeg hadde vært svært glad om noen ville fortelle meg det.

Jeg har lyst å avslutte mitt lille innlegg med Terje Vigen: «...og kræv, om du tror du har uret lidt, Vorherre, som skabte mig slig.»



Foto: Privat

3. mars i år var preika i Strandvik kyrkje litt annleis enn den plar. Kim Bjarne Rosenkrone deklamerte heile diktet «Terje Vigen» - utan manuskript! Ganske imponerande for tilhøyrarane og ei stor oppleving for han sjølv. Tusen takk, Kim Bjarne!

Det skjer mykje i kyrkjelyden vår. Ikkje alt kjem med i kyrkjebladet, og dessverre vart det ikkje reportasje frå denne gudstenesta i førre nummer av Fusa kyrkjeblad. Det er difor fint at Kim Bjarne minner oss på det og samtidig deler tankar han har om si kristne tru, som her i innlegget «Hvem er vår Gud?».

Hans Einar Markhus



# Di stemme tel i kyrkjevalet

**Er du ein av dei 3,5 millionane som er medlem i Den norske kyrkja?**

**Då er stemma di viktig i kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover.**

Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved kyrkjevalet 11. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

## «Godt med alt som er gjort» Førehandsrøysing

Nytt av året er at du kan førehandsstemme digitalt. Det gjer du på nettsida [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) fra 10. august til og med 6. september.

Du kan også førehandsstemme fysisk. Det gjer du på kyrkjekontoret på Fjord'n senter kl. 10.00-14.00 mandagane 14., 21., 28. august og 4. september, samt kl. 15.00-20.00 torsdag 31. august.

## Valdagen måndag 11. september

### Tid og stad for kyrkjevalet

**Eikelandsosen:** Fusa kyrkjekontor, Fjord'n senter Leiro 25, kl. 10.00-21.00

**Fusa:** Fusa samfunnshus, Gjerdevegen 50, kl. 10.00-21.00

**Baldersheim:** Baldersheim skule, Neset 25, kl. 13.00-21.00

## To val

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatar til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Til soknerådsvalet i Fusa er det tretten menneske frå området vårt som sagt ja til å vere kandidatar og leie kyrkjelyden dei fire neste åra. I soknerådet stemmer du på enkelt-personar. Du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrastemme. Dei åtte kandidatane med flest stemmer blir faste medlemer i soknerådet, dei fem andre blir varamedlemer.

I val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet er du med på å bestemme kven som utgjer bispedømmerådet. Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkja. Når du stemmer i bispedømerådsvalet, er du dermed også med på å avgjere kven som utgjer Kyrkjemøtet. I dette valet stemmer du på ei av fire lister. Listene legg vekt på ulike saker dei vil arbeide for i kyrkja.

I Bjørgvin bispedøme stiller Bønnelista, Frimodig kyrkje, Nominasjonskomiteens liste og Open folkekirkje lister. Desse er presenterte på neste side.

I begge vala er det høve til å gjøre endringar på listene, til dømes å gje personstemme til enkelte kandidatar. Kva for endringar som gjeld, og korleis endringane påverkar valresultatet, kan du lese meir om på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

Godt val!

## Visste du at...

- Alle medlemer i Den norske kyrkja, fødd i 2008 eller før, har stemmerett i 2023.
- Ungdom har stemmerett i kyrkjevalet frå året dei fyller 15 år.
- Ca. 3 millionar nordmenn har rett til å stemme ved årets kyrkjeval.

- Det skal veljast representantar til sokneråd (lokalt), bispedømeråd (regionalt) og Kyrkjemøtet (nasjonalt).
- Til saman skal om lag 7000 rådsmedlemer bli stemde inn i kyrkjevalet 2023.
- I 2023 er det for første gang mogleg å førehandsstemme digitalt frå 10.08. til 06.09.

## Til Fusa sokneråd vel du kandidatar frå Nominasjonskomiteens liste:

1. Sigbjørn Sundfjord f. 1968, konstruktør, Sundfjord
2. Toril Hjartåker Hauge f. 1970, bibliotekmedarbeidar, Nordtveitgrond
3. Lars Erik Dalland f. 1953, pensjonist, Baldersheim
4. Britt Mari Gjerde f. 1972, lærar, Eikelandsosen
5. Øyvind Nordbø f. 1959, industriarbeidar, Baldersheim
6. Atle Næss f. 1962, røyrleggjar, Boga
7. Inger-Lise Prestegard f. 1978, tannlege, Strandvik
8. Linda Frøyset f. 1968, lærar, Sævareid
9. Hartvig Haugen f. 1956, oppsynsmann, Sævareid
10. Audny Samnøy Stuen f. 1964, overingeniør, Skjørsand
11. Jan Ole Høiby Hansen f. 1968, industriarbeidar, Fusa
12. Samson L. Øpstad f. 1953, forskar, Fusa
13. Engel Martin Berge f. 1951, pensjonist, Hålandsdalen



## Til Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet vel du mellom desse fire listene, presenterte i alfabetisk rekjkjefølgje:



**Bonnelista** vil vidareføre den kristne tru og tradisjon som Den norske kyrkja har vore tufta på sidan reformasjonen. Bibel og vedkjenning er og skal vere kyrkja sitt grunnlag. Den norske kyrkja skal vere ein del av Guds synlege kyrkje på jord, med medlemer som har Jesus som Herre, og med lokalstyrte kyrkjelydar med leiarar som let seg leie av Den Heilage Ande og som søker Gud i bøn og tilbeding. Bli kjend med kandidatane og les meir på [www.bonnelista.no](http://www.bonnelista.no)

### Bonnelista ønsker:

- å ha ei kyrkje som gjev klare svar
- at Bibelen er den avgjerande autoritet i kirken
- Guds løysingar, derfor er bønn svært viktig
- lokalt sjølvstyre

### Bonnelista sine kandidatar til Bjørgvin bispedømeråd:

1. Sigurd Grindheim f. 1968, professor, Stord
2. Solaug Anita Apelthun Sæle f. 1951, økonomisjef, Fjell
3. Finn Indrebø f. 1948, pensjonert vaktmeister, Askøy
4. Trygve Johannes Hellesøy f. 1938, pensjonert prest, Hellesøy
5. Torid Morsund Øygard f. 1999, student, Bergen
6. Magdalena Steinhovden f. 1947, pensjonist, Naustdal
7. Anna Helena Bruun f. 1974, rekneskapsførar, Rådal
8. Mahdi Alipor Esfahani f. 1979, butikkmedarbeidar, Førde
9. Anders Myrene f. 2002, student, Naustdal

dagens menneske med evangeliet og utrusta dei til å følge Jesus i kvardagen. Kyrkja blir bygd nedanfrå, og gudstenestene er pulsslaget. Vi vil gje den lokale kyrkjelyden større ansvar, redusere sentralstyring og byråkratisering og gje rom for kyrkjelydar med ulik profil. Vi vil stimulere til levande fellesskap nær Jesus og nær menneske. Vi ønsker å styrke arbeidet med søndagsskule og trusopplæring, bibelundervisning og Alphakurs, evangelisering og omsorgsarbeid. Vi vil arbeide for trygge og sunne rammer for born og unge i ei grenselaus tid. Når det gjeld styringa av kyrkja, ønsker Frimodig kyrkje å endre valordninga i kyrkja bort frå eit polarisert partisystem. Ein nærmare presentasjon av kandidatane våre finst på [www.frimodigkirke.no/bjørgvin](http://www.frimodigkirke.no/bjørgvin)

Med mål om å utruste disipler til å halde alt Jesus har befalt oss, vil Frimodig kyrkje:

- støtte kvarandre i vårt kristne oppdrag, gjennom bygging av regionale nettverk
- vere ei tydelig stemme innad i Den norske kyrkja
- gje kvarandre råd og vegleiing når vi står i utfordrande situasjoner

### Frimodig kyrkje sine kandidatar til Bjørgvin bispedømeråd:

1. Gunnar Innerdal f. 1983, førsteamanuensis, Øygarden
2. Per Hilleren f. 1959, bonde, Sognadal
3. Marthe Hauge Aase f. 1965, kreftsjukepleiar, Skilbrei i Sunnfjord
4. Egil Morland f. 1950, professor emeritus, Øygarden
5. Geir Møller f. 1957, pensjonist, Bergen
6. Karen Sofie Uthaug, f. 1998, student, Alver
7. Hilde Kayser Rohde f. 1955, pensjonert musikar, Bergen
8. Annlaug Risa f. 2003, student, Balestrand
9. Torstein Backer-Owe f. 1959, rådgjevar, Odda



**Nominasjonskomiteen si liste** er kyrkjelyda si felles liste. Ho er sett opp av ein nominasjonskomite med ein medlem frå kvart prosti, valt av sokneråda, i tillegg til ein representant frå ungdomsrådet. Listekandidatane er forslag frå sokneråda, ungdomsrådet og nominasjonskomiteen sjølv, og komiteen har mellom anna veklagt kandidatar som er opptekne av at kyrkja sitt arbeid skal vere lokalt forankra i sokna. Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil me arbeide til det beste for den lokale kyrkja. Du kan lese meir om nominasjonskomiteen sine lister og dei enkelte kandidatane på <https://nominasjonskomiteen.no>

### Nominasjonskomiteen sine kandidatar til Bjørgvin bispedømeråd:

1. Dag Sele f. 1964, lege, Stord
2. Turid Fjose f. 1969, lege, Voss
3. Amalie Gjengedal-Eide f. 1996, lektor, Bergen
4. Arne Jostein By f. 1948, pensjonist, Stryn
5. Kristin Jordheim Bovim f. 1955, lege, Bergen
6. Dag-Olav Bjarøy f. 1957, senior-konsulent, Øygarden
7. Hege Feet Askvik f. 1957, pensjonist, Alver
8. Helge Dyrkolbotn f. 1964, avdelingsleiar, Austrheim
9. Amalie Ulevik Bjerk f. 1997, student, Bergen
10. Ingeborg Watne Flatland f. 1979, lærar, Førde
11. Leif Steinar Alfsvåg f. 1959, høgskulelektor, Stord
12. Elise Skjærven Aas f. 2005, student, Bergen
13. Rune Garmann f. 1952, pensjonist, Masfjorden
14. Torild Teige Strand f. 1959, lærar, Solund



**Open folkekirkje.** Sidan starten i 2014 har Open folkekirkje gjort det vi kan for at Den norske kyrkja



**Frimodig kyrkje** ønsker ei kyrkje som er trufast mot Guds ord, open og evangeliserande. Målet er å nå



har vorte meir open for eit mangfald av menneske med ulike liv og livsrøynsler. Vi har mellom anna sytt for at også likekjønna par skal kunne gifte seg i kyrkja si. Open folkekirkje ynskjer ei kyrkje som alle skal kunne leve heile livet i, der alle skal kjenne seg velkomne, sedde og stadfesta. Kyrkja har ikkje A- og B-medlemer – dåpen er einaste medlemsvilkår.

Open folkekirkje vil at kyrkja skal utviklast vidare som ei open, inkluderande og demokratisk folkekirkje. Vi vil arbeide for at folk meir og meir skal kjenne at dei hører til i kyrkja, slik at den kristne trua vert halden levande og er viktig i den einskilde sitt liv. Kyrkja skal vere open for alle, fremje menneskeverdet og motarbeide diskriminering.

Størst av alt er kjærleiken.  
Open folkekirkje ynsker ei kyrkje som fremjar menneskeverdet

og motarbeidar diskriminering. Ei kyrkje der alle kan erfare at dei er hjarteleg velkomne.

### Open folkekirkje sine kandidatar til Bjørgvin bispedømeråd:

1. Karl Johan Kirkebø, f. 1950, pensjonist, Bergen
2. Oddny Miljeteig f. 1954, pensjonist, Bergen
3. Live Bakke Nydal f. 2004, student, Florø
4. Rune Johan Skjælaaen f. 1954, pensjonist, Bergen
5. Anne Vierdal f. 1996, trusopplærar, Sveio
6. Eiel Holten f. 1968, seniorrådgjevar, Bergen
7. Malene Mortensen f. 2001, sekretær, Sotra
8. Håkon Glatved-Prahls, f. 1956, journalist, Alver
9. Mari Skjerdal Lysne, f. 1985, stipendiat, Sogndal

10. Vegard Flatebø Trætteberg f. 2002, lagførar, Bergen
11. Inger Johanne Gullbrå f. 1949, pensjonist, Voss
12. Lars Hana f. 1955, pensjonist, Askøy
13. Signe Eikenes f. 1963, prosjektleiar, Leikanger
14. Andreas Gravdal f. 1981, formidlar, Bergen
15. Ove Sverre Bjørdal f. 1971, statsautorisert revisor, Bergen
16. Torill Jørgensen Frøise f. 1972, rådgjevar, Askøy
17. Christian Emil Haugen f. 1990, lege, Bergen



Kjelder: [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no) og heimesidene til listene i bispedømerådsvalet.



Døgntelefon  
**56 57 49 50**  
Jorunn Moberg  
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørande som ønskjer å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)

### DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

### Gravminne

Treng De hjelp til opprettig, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting?

Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris



Ring 406 11 817

[Leivmagnar.fosse@gmail.com](mailto:Leivmagnar.fosse@gmail.com)

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

TA KONTAKT MED



951 56 327 [storum@fusi.no](mailto:storum@fusi.no)

**Malerfirma**  
**Kenneth Samnøen**  
5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



Tlf. 90 80 15 38

**HERBALIFE  
ERNÆRING**  
Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
  - vitalitet og overskudd
  - kosttilskudd for trening og idrett
  - hud- og kroppspleie
  - inn- og utvendig ernæring
- TA VARE PÅ HELSA DI !  
Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: [famgang@fusi.no](mailto:famgang@fusi.no)  
<https://signeg.goherbalife.com/nn-no>



# Madonnaen og mykje anna merkeleg i gamlekyrkja

Tekst og foto: Norunn Rød Markhus og Toril Hjartåker Hauge

For 300 år sidan kunne du blir bøtelagd dersom du ikkje kom til kyrkjes, og bestod du ikkje utspørjinga til konfirmasjonen, kunne du bli nekta å gifta deg. Kyrkja var ikkje noko du kunne velja vekk; ho følgde deg gjennom livet frå fyrste til siste pust og vel så det. Difor er dei gamle kyrkjene del av historia til alle i Noregs rike, ikkje berre til dei som i dag kallar seg kristne, og difor er skulelevar dei to siste forsomrane blitt inviterte til å tre inn i Holdhus kyrkje, slik forfedrane og formødrene til somme av dei gjorde så titt i si tid.



Ungdomen samlast på galleriet, slik det var tenkt på 1700-talet då det vart bygd. Her har Vinnes friskule tatt plass, ...



og her Eikelandsosen og Åndlundsfjorden skular.

Invitasjonen kom frå Fusa sokn, representert av kyrkjelydspedagog Norunn Rød Markhus, og frå Fortidsminneforeininga, representert av omvisar Toril Hjartåker Hauge. Prosjektet har strekt seg over to år, og om lag 165 elevar frå alle indre Bjørnfjorden sine sju skular og spreidd på alle sju klassetrinn, avla besøk. Kyrkja er eigd av Fortidsminneforeininga, og det var museumsmidlar derifrå som gjorde det mogleg å hyra inn bussar til turane.



Nicolai og Hellek viser fram si kyrkje,  
sett saman av av naturmateriale.

## Natur og kultur

Sidan fleire skular skulle koma med same buss, og den samla gruppa dermed vart for stor til å ha samstundes i kyrkja, laga me eit sporlaup ute i naturen. Den eine gruppa gjekk den ruta, mens den andre var i kyrkja. Sporlaupet inneholdt spørsmål og oppgåver om naturen og om kyrkja. I år var éi av oppgåvene å bruka det dei fann i naturen til å laga eit bilde av kyrkja.

## Den fargelagde madonnaen

Vedlagt invitasjonen til dei yngste elevgruppene i 2022 fekk skulane tilsendt teikningar av madonnaen, eitt portrett og éin teikning i heilfigur. Om dei ville, kunne elevane fargeleggja desse før dei besøkte kyrkja. Dei ferdig fargelagde teikningane vart leverte inn



på besøka. Norunn og Toril ynskte at fleire skulle få sjå desse unike variantane av madonnaen, og me fekk løyve både frå skulane og frå senterleiinga i Fjord'n Senter til ha dei utstilt i senteret heile sommar.

Ava si fargelagde madonna.



# Dei utvalde stadene i kyrkja

Også i år har besøka fått utstilling på Fjord'n senter, men ikkje av teikningar. Elevane frå 5.-7. klasse fekk nemleg eit anna oppdrag: Vel deg ut ein bestemt gjenstand eller stad i kyrkja og aller helst forklar kvifor du festa deg ved dette punktet. Her ser du kva som vart valt, og korleis noko av det vart grunngjeve.



**Marit Alice:  
Inngangen til kyrkja.**

Eg likte denne plassen fordi den gjev meg gode minne fordi mamma og pappa gifta seg der.  
Sjølv om eg ikkje var med fordi eg ikkje var født, så er det ein veldig spesiell plass for meg.



**Konrad, Tuva, Alva, Hellek og Leander:  
Altertavla.**

Tuva: Eg valde alteret for det var fint, for det hadde litt fargar. Eg likte også bildet som var over, det var fint.  
Alva: Eg likte meg der. Eg treivst der, og det var fint der.  
Hellek: Eg valde altertavla på grunn av at det er fin kunst, og eit bilde av Jesus, og det betyr mykje for kristendomen.  
Leander om alterringen:  
Eg valde plassen på grunn av at den er så veldig fin og har ei fin form.



**Anniken:  
Lydhimmelen.**

Eg likte maleriet over prekestolen for den hadde så sterke fargar som lyste opp kyrkja. Maleriet hadde framleis fine og sterke farger sjølv om det er veldig gammalt.



**Brynhild, Nicolai, Maia og Ingrid:  
Ytre Rød-benken.**

Brynhild: Eg valde den benken fordi Røaslekta er mi slekt. Eg synest det er kult å tenka på at kanskje tipp-tipp-tipp-oldemora mi har sete der før.  
Nicolai: Eg valde denne benken fordi det stod Rød på den, og etternamnet mitt er Rød. Det er spennende å tenka at mi slekt har nyttet denne benken før.



**Mikkels:  
Kjønn-benken.**

Jeg valde denne benken fordi bestefaren min heitte Kjønn før han bytte etternamn til Bruland. Den såg veldig kul ut :).



Trond Even, Benedicte, Tuva og Milian på **prekestolen**.

Edward: Eg likte prekestolen fordi det minna meg om ei trehytte.

Andrea: Det var fint der, og jeg likte meg der. Det var inspirerande, og eg treivst der.

Julian viser bruken av **knag-gane** på herresida:  
Av med hatt og hue!



Karoline og Kristine:

**Inngangskonebenken: Båsen som kvinner nyttet fyrste gongen dei kom til kyrkja etter at dei hadde fått barn:**

Kristine: Eg likte den på grunn av det var der eg likte meg. Det var fine fargar og maleri på båsen.

Bjørn Johan og Sol Athalie:

**Båten i taket.**

Bjørn Johan: Eg veit ikkje kvifor eg likte den båten, den var kul. Eg synest den hadde mange fine detaljar og fargar.



Emily:

**Maling på veggene.**

Eg likte malinga på veggen fordi den var veldig interessant og fin, den var veldig inspirerande og eg fann alltid nye ting som var malt på veggen. Den var liksom ikkje heilt lik på alle veggane på ein måte. Det fekk meg til å tenka på at ikkje alle er heilt like, og at ingen er perfekte.

Kari:

**Kvit dør.**

Eg likte den gammaldags stil og den kvite malinga, den gav ein sånn rik følelse. Malinga var gammal og litt av den har gått vekk. Det minna meg om sånne barokkhus-dører.

Emil:

**Kyrkjebjella:**

Eg valde bjella fordi den fortel folk at no er det gravferd, bryllup eller samling i kyrkja ved å ringja.

Ronja og Anton ved **katekismetavla.**



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

## L. HJERTNES AS



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend  
Tlf.: 96 92 46 50  
post@lhjertnes.no  
[www.lhjertnes.no](http://www.lhjertnes.no)

Nær  
Butikken

P. H. Haugen  
Landhandel - Sævareid  
**tlf. 56583110**

e-post:  
[narbutikken.severeid@narbutikken.no](mailto:narbutikken.severeid@narbutikken.no)

**Fusa**  
**Ferdigbetong as**  
5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**

Mobil 913 65 482 / 951 87 421  
E-post: [post@fusabetong.no](mailto:post@fusabetong.no)

**ah** MALERMESTER  
**ALF HJELLE & SØNN AS**

Utfører alt i maler- og golvbeleggbarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE  
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880  
E-post: [firmapost@alfhjelle.no](mailto:firmapost@alfhjelle.no)

**SPAR**

**Fusa**

Man-fre **07-21**

Lørdag **09-20**

**Tlf. 56582133**  
[spar.fusa@spar.no](mailto:spar.fusa@spar.no)

**Velkommen til hyggelig  
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

**BERGE ELEKTRONIKK**  
Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766

Opningstider: Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15



**Eide**

**STRANDVIK**  
Transport og Maskin AS  
# 5643 STRANDVIK strandvik.no dulten@online.no  
# 56 58 21 11 918 44 000 900 12 126 918 18 592

**Norheimsund**  
TRYKKERI AS

Tlf. 45 85 32 46  
[post@nhstrykk.no](mailto:post@nhstrykk.no)  
Steinsdalsvegen 187 A  
5600 Norheimsund  
Grafisk design og trykkeri

**FUSA AUTO A/S**  
**BILVERKSTAD**



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa  
Tlf. 56 58 22 86  
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



[www.meca.no](http://www.meca.no)

**M E C A**

**BYGGADMINISTRASJON**  
**Harald Bjørndal a.s.**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETsutVIKLING - OPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30  
Tlf. privat: 56 58 51 19  
Telefax: 56 58 11 99  
Mobil: 970 63 526  
E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN



# BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandsoen@bunnpris.no



STRANDVIK

MAN-FREDAG 09.00 - 19.00  
LØRDAG 09.00 - 18.00

TLF. 56 58 48 12



## Tombre

[www.tombre.no](http://www.tombre.no)

REISENE BESTILLER  
VI HOS:

## TRAVELNET

### OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

[www.verden.no](http://www.verden.no)

Følg oss på Facebook



## Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR  
FRÅ BJØRNAFJORDEN



Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40  
[post@tonnegarden.no](mailto:post@tonnegarden.no) - [www.tønnegarden.no](http://www.tønnegarden.no)

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historieformidling på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale



Følg oss på facebook og instagram.

*Fusa og Samnanger*  
GRAVFERDSBYRÅ  
OMSORG VED LIVETS SLUTT  
DØGNÅPEN TELEFON  
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO  
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRITT TIL VÅRE SEREMONIER  
VIA MINNESIDENE PÅ HILDESBLOMSTER.NO  
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05



## Hordaland A/S Rørteknikk



■ 56 58 09 90 ■ [hordalandrorteknikk.no](http://hordalandrorteknikk.no)

✉ post@hrt.as ✉ Holsundvegen 285  
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk  
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besök vår heimeside  
[www.fusa-kraftlag.no](http://www.fusa-kraftlag.no)

Din lokale kraftleverandør

## Stroyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN  
Tlf. 56 58 00 20

Vi er til hjelpe  
for deg og de  
nærmeste i tiden  
etter at en nær  
slektning eller  
venn har  
gått bort.  
Du skal vite at  
du kan kontakte  
oss når som helst,  
dag eller natt. Vi  
har alltid tid til å  
hjelpe deg!

En verdig og  
trygg avskjed

BJØRNAFJORDEN  
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (ing. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00  
E-post [post@bjornafjordengravferdshjelp.no](mailto:post@bjornafjordengravferdshjelp.no)

## SPAR

### Eikelandsosen

Opningstid 8-21

Laurdag 9-20

TLF. 56 58 00 90



Fusa kyrkjeblad 89 år: nr. 3:2023

leiglandbygg.no  
LB  
5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: [post@leiglandbygg.no](mailto:post@leiglandbygg.no)  
[www.leiglandbygg.no](http://www.leiglandbygg.no)

## Aktivitetar i Fusa sokn framover

Det er oppstartstid, og mange av kyrkjelydsaktivitetane er snart i full gang. Alle datoar og arrangement utover hausten var ikkje klare då dette kyrkjebladet gjekk i trykken, men følg med på facebook og andre kanalar for meir info.

### Her er ein liten oversikt:

- Fjord'n barnekor og gjengen på taket startar torsdag 7. september kl. 17.30 på Eikelandsosen bedehus. Annankvar torsdag (i partalsveker) utover hausten. For barn f.o.m. 5 år (i 2023) til 7. klasse.
- Songbuketten, barnekor/barnekubb på Nordtveit bedehus.  
Utvalde ettermiddagar etter plan.
- Fusa Soul Children, kor og dans for 5.-8. klasse på Eikelandsosen bedehus, torsdagar etter plan.

## NOAH



Friluftsklubben Noah, frilufts-klubb for gutter f.o.m. 5. klasse. Fredagar etter plan.



**Open kyrkje,**  
vert arrangert den  
tredje tysdagen  
i kvar månad i  
Strandvik kyrkje


For meir informasjon og spørsmål:  
kontakt kyrkjekontoret på tlf. 56580181,  
[post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)

### Onsdagsprogram:

Bibel, Bøn og lovsongskveldar, ein onsdagskveld i månaden i oddetalsveker i Eikelandsosen bedehus kl. 19.00.

Bibelundervisningskveldar, ein onsdagskveld i månaden i oddetalsveker i Eikelandsosen bedehus kl. 19.00.

Bønnesamlingar, annakvar onsdag (partalsveker) kl. 17.30-18.00 i Eikelandsosen bedehus, Nordtveit bedehus, Foer bedehus og Hålandsdal kyrkje.



**KLUBBEN**, tweensklubben for 5.-8. klasse kjem sannsynlegvis i gang att utpå hausten! Fredagar i Eikelandsosen bedehus etter plan.



**Babysong/Musikk fra livets begynnelse**, oppstart etter haustferien.

# Gudstenester i Fusa sokn

27.08.2023 – 31.12.2023

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
27.08.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	13. søndag i treeiningstida
03.09.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Vingardssøndag
03.09.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Vingardssøndag
10.09.	15:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	15. søndag i treeiningstida
17.09.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	16. søndag i treeiningstida
17.09.	16:30	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	16. søndag i treeiningstida
24.09.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	17. søndag i treeiningstida
01.10.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	18. søndag i treeiningstida
01.10.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	18. søndag i treeiningstida
08.10.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	19. søndag i treeiningstida
15.10.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix/ungdomsgudsteneste	20. søndag i treeiningstida
22.10.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	21. søndag i treeiningstida
22.10.	16:30	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	21. søndag i treeiningstida
29.10.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Bots- og bønedag
05.11.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Helgemessesøndag
05.11.	19:00	Fusa kyrkje	Minneudsteneste	Helgemessesøndag
12.11.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix/ungdomsgudsteneste	24. søndag i treeiningstida
19.11.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	25. søndag i treeiningstida
19.11.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	25. søndag i treeiningstida
26.11.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Kristi kongedag
26.11.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Kristi kongedag
03.12.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	1. søndag i advent
10.12.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix/ungdomsgudsteneste	2. søndag i advent
17.12.	16:30	Fusa kyrkje	Nine Lessons and Carols	3. søndag i advent
24.12.	11:00	Fusa bu- og beh.senter	Gudsteneste	Julafstan
24.12.	14:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Julafstan
24.12.	14:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Julafstan
24.12.	15:00	Bygdaheimen, Holmefjord	Gudsteneste	Julafstan
24.12.	16:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Julafstan
24.12.	16:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Julafstan
25.12.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Juledag
31.12.	18:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Nyårsaftan

Det kan komme endringar i gudstenestelista.

## Frå Kyrkjebøkene



Dåp

### Fusa kyrkje

25.06.2023 Filip Dalland

25.06.2023 Marlon Hannisdal Berge



Gravferd

### Sundvor kyrkje

13.06.2023 Solveig Mathilde Nordtveit, f. 14.03.1935

16.06.2023 Magne Jørund Rusås, f. 13.04.1937

### Fusa kyrkje

28.06.2023 Borghild Fjell, f. 27.10.1924



Vigde

### Strandvik kyrkje

27.05.2023 Lena Haugland Vik og Øystein Lothe Mehammer

08.07.2023 Anine Frølich og Bendik Helle Cruickshank Ahlvist

### Hålandsdal kyrkje

17.06.2023 Sunniva Brendehaug og Jon Anders Lerhol

01.07.2023 Bente Todnem og Robert Nedrejord

15.07.2023 Lene-Karin Lundervik og Svein Erik Fornes

### Fusa kyrkje

24.06.2023 Linda Cecilie Reigstad og Tore Johannes Matland

### Fusa kyrkjekontor

24.06.2023 Anne-Grethe Haukefær og Bartlomiej Gabriel



# S i d a n

# S i s t

## Informasjon

Avsendar:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandsosen

### Soul Children



Foto: Toril Hjartåker Hauge

På Familiemix i Eikelandsosen bedehus 21.mai dansa og song Soul Children. Her gjer dei sine siste førebuingar før fyrste songinnslag.

### Sommarkonsert med Fjord'n barnekor



Foto: Hans Einar Markhus.

4.mai heldt Fjord'n barnekor konsert i Eikelandsosen bedehus. Det var slutninga deira på vår-sesongen.

### Friluftsgudsteneste på Vinnesholmen 29.05.



Foto: Hans Einar Markhus.



Foto: Hans Einar Markhus.

Friluftsgudstenestene i vår hadde fin oppslutning, sjølv om været var varierande. Likevel bidrog fusingane med meir enn 10 000,- kr. i kollekt til hjelpearbeidet i Ukraina på desse gudstenestene.

### Konsert i Hålandsdal kyrkje «Éin bodskap – mange uttrykk»

**Sopranen Grethe-Inger Berge og pianisten Martha Berit Belt framfører fredag 22. september kl.19.00 eit allsidig program med både klassisk, jazz og salmar. Gratis inngang, kollekt.**

BERGE har utdanning frå musikklinja ved Bergen Lærarhøgskule og Griegakademiet. Ho har sunge sopranpartiet i «Messias» av Händel, og vore solist i Johannespasjonen av Bach. I tida 1999-2020 underviste ho song ved Kongshaug Musikkgymnas.

BELT har mastergrad ved Griegakademiet og er både solist, akkompagnatør og del av trioen Eon. Ho dekker eit breitt repertoar, frå barokk, via Grieg til nolevande komponistar. Speleoppdraaga hennar finn stad både i inn- og utland, m.a. på festivalar som Borealis og Oslo Internasjonale Teaterfestival.

Arr: Fusa sokn.

